

Sogndal formannsskap v/ ordføreren.

Husleigeauken i omsorgbustadene /trygdebustadene.

På møtet i Sogndal eldreråd onsdag 25.januar hadde vi denne husleigeauken som sak.

Eldrerådet vil først få sitera §3 i Lova om kommunale eldreråd:

*Eldrerådet er eit rådgivande organ for kommunen.

* Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.

* Eldrerådet skal ha til handsaming alle sakene som gjelde levkåra for eldre.

*Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen.

Protokollen frå rådsmøta skal følgja saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

Endra med lov 15.juni 2007 nr 21.

Sogndal eldreråd kan ikkje sjå at kommunestyret har halde seg til punkt 2 og 3 i denne paragrafen.

Husleigeauken.

Frå 01.01.2012 går husleiga opp med 2.0%. Det tykkjer rådet er ei rimeleg auke.

Men frå 01.07.2012 går husleiga opp med kr.1200 for to-roms, kr 1000 for store og kr.750 for små. Dette tykkjer rådet er ei alvorleg stor auke.

Vi vil derfor be om at Formannsskapet/kommunestyret gjer om på dette vedtaket og reduserer auken monaleg .

For Sogndal eldreråd

Sogndal 30.januar 2012.

Arne Bjelde